

Bykle kommune
Rådmannsstaben

Melding om vedtak

Plankontoret Hallvard Homme

4747 VALLE

Vår ref:
2009/317-21

Sakshandsamar:
Kristine Birkeland, (37938500

Arkivkode:
L12

Dato:
23.11.2009

2. gongs handsaming av reguleringsplan for "Slakteplassen" del av gnr. 1, bnr. 22 og 28

Rådmannen si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-1 (ny planlov § 12-12) tilrår planutvalet at kommunestyret vedtek reguleringsplan for "Slakteplassen" del av gnr. 1, bnr. 22 og 28, når utbyggingsavtale er signera og vedteke.

Saksprotokoll i Planutvalet - 19.10.2009

Behandling:

Saka vart drøfta.

Vedtak:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i Kommunestyre - 19.11.2009

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Vedtaket kan påklagast til Bykle kommune. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt innafør denne fristen.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket. Oppgjev kva for eitt vedtak det vert klaga på. Gjerne med saksnummer, kva klaga gjeld, og grunnen til at De meiner klaga må takast til fylgje.

Med helsing

Kristine Birkeland
Rådgevar areal og plan

Kopi til:			
Fylkesmannen i Aust-Agder	Serviceboks 606	4809	ARENDAL
Kristiansand og Omegn Caravanklubb v/Steinar Larsen	Erlevegen 37	4700	VENNESLA
Breive Sameige v/ Alf Ånund Breive	Brattvoll Platå 28	4658	TVEIT
Aust-Agder fylkeskommune	Serviceboks 606	4809	ARENDAL
Statens vegvesen	Region Sør, serviceboks 723	4808	ARENDAL
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO
Setesdal Gjenvinning IKS	Syrtveit	4735	EVJE
Fjellvetten AS		4755	HOVDEN I SETESDAL
God Driv AS	Nesvegen 21	4700	VENNESLA
Agder Energi Nett	Serviceboks 634	4809	ARENDAL
Bykle Breiband v/Kenneth Pedersen-Rise		4754	BYKLE
Gunhild Breive		4741	BYGLAND SFJORD
Torbjörg Breive Havre	Linegra 16	4517	MANDAL
Anne Breive	Idrettsveien 6	1358	JAR

Arkiv: L12
Saksmappe: 2009/317-12
Sakshandsamar: Kristine Birkeland
Dato: 02.09.2009

Saksframlegg

Bykle kommune

2. gongs handsaming av reguleringsplan for "Slakteplassen" del av gnr. 1, bnr. 22 og 28

Rådmannen si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-1 (ny planlov § 12-12) tilrår planutvalet at kommunestyret vedtek reguleringsplan for "Slakteplassen" del av gnr. 1, bnr. 22 og 28, når utbyggingsavtale er signera og vedteke.

Saksprotokoll i Planutvalet - 19.10.2009

Behandling:

Saka vart drøfta.

Vedtak:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i Kommunestyre - 19.11.2009

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Plankontoret Hallvard Homme AS har på vegne av Breive Sameige v/Alf Ånund Breive fremma eit reguleringsplanforslag for "Slakteplassen", del av gnr. 1, bnr.22 og 28 på Hovden. Planområdet ligg ca 2.5 km nord for Hovden sentrum. Teigen er langstrakt og ligg mellom Rv 9 og Otra. I nord/vest støyter plangrensa mot Otra. Elles går den langsmed Rv 9 og mot sør grenser det mot Hovden Fjellstoge.

Området er i dag uregulert, og i kommuneplanen avsett til område for LNF- spreidd fritidsbustadbygging. Planen legg til rette for 4 nye fritidsbustader.

Oppstart for planarbeid vart varsla 08.06.2008, og frist for innspel sett til 01.08.2008. Det

kom inn til saman 4 innspel. 1. gongs handsaming i planutvalet var den 22.06.2009 og vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 28.06.09-01.09.09. Det kom inn 3 innspel til høyringa, to motsegn og ein merknad, disse er kort referert og kommentert under:

Vedlegg nr: Dato: Avsendar:	Innspel:	Kommentar:
<p>Vedlegg 1 25.08.09 Statens Vegvesen</p>	<p>Positivit at caravanplassen tilbakeførast til opphavleg terreng.</p> <p>Har tidlegare kravd ei byggegrense på 30 meter frå midten av riksveg 9, dette kravet står fast. Vi krev at det trekkast ei samanhengande byggegrense, på 30 meter, gjennom alle byggeområda. Ei slik byggegrense er ikkje teikna inn på planframlegget. På grunn av manglande byggegrense går vi til motsegn mot planframlegget.</p> <p>Det er i planframlegget ikkje gjort greie for støyforholda i området som er sett av til fritidsbustader. Vi ser det som kommunens ansvar at støyforholda vert dokumenterte før ein gjev byggeløyve.</p> <p>Den interne vegen med parkeringsplassar ligg lengst nord berre 10-11 meter frå vegkanten til riksveg 9. Vi har tidlegare sagt at vi ønskjer minimum 20 meter fråstand av omsyn til vintervedlikehaldet. Område nr. 4 som er foreslått til fritidsbustad kan i stedet nyttast til parkering. Ein kan då avslutte internvegen 30 meter lengre sør, og slik unngå nærføring til riksvegen: Vi ber kommunen vurdere ei slik løysing.</p>	<p>Planforslaget er endra og bygge grense på 30 meter i byggeområda er lagt inn. Motsegn kan difor trekkjast.</p> <p>Tiltakshavar må framskaffe naudsynt dokumentasjon i samband med støyavklaring.</p> <p>Administrasjonen har vurdere dette, men går inn for den løysinga planen viser med alle 4 hyttene samla.</p>
<p>Vedlegg 2 01.09.09 Fylkesmannen i Aust-Agder</p>	<p>Reguleringsplanen opnar for oppføring av fire fritidsbustader med eit bebygd areal på 140m². Dette er vesentleg meir enn det kommuneplanen opnar for (80m² BYA). Etter miljøvernavingdelinga si vurdering vil oppføring av så store fritidsbustader vere uheldig ut frå omsynet til landskapsbilete då fritidsbustadene blir liggjande nær elva. Storleiken er i strid med kommuneplanen sine intensjonar, og er ikkje i tråd med kva miljøvernavingdelinga signaliserte ved fråfall av motsegn i brev datert 20.08.07. Miljøvernavingdelinga fremjar på denne bakgrunn motsegn mot føresegna om storleik til planforslaget. Ut frå plasseringa av tomtene kan vi akseptere at BYA aukast frå 80m² slik det står i</p>	<p>Tiltakshavar har gått med på å redusere BYA frå 140m² til 120m² inkl. parkering (hytte 84m²+ parkering 36m²). På bakgrunn av dette fråfaller Fylkesmannen motsegna, jfr tlf samtale.</p>

	kommuneplanen, til maksimalt 120m ² . Dette må inkludere parkeringsareal.	
Vedlegg 3 01.09.09 Aust-Agder Fylkeskommune	Ingen vesentlige merknader til planforslaget. Det er i dag ikke registrert automatisk fredete kulturminner i tiltaksområdet. Det gjøres imidlertid oppmerksom på at dersom det ved tiltak i marken oppdages kulturminner eller oldsaker, skal arbeidet stanses i den utstrekning de kan berøre fornminnene eller deres sikringszone på 5 meter. Melding skal i så fall straks sendes/gis Aust-Agder fylkeskommune, kulturminneseksjonen eller nærmeste politimyndighet.	OK Takast til orientering.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova av 1985, § 27-1. (ny planlov § 12-12)
Kommuneplanen for Bykle kommune

Vurderingar og konsekvensar

Det kom motsegn til planen frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Aust-Agder. Tiltakshavar har retta seg etter motsegna, og motsegna kan difor fråfallast.

Bykle, 07.12.2009

Tallak Hoslemo
Rådmann

Vedlegg

- 1 Motsegn frå Statens vegvesen
- 2 Motsegn til reguleringsplan Slakteplassen
- 3 Merknad frå Aust-Agder fylkeskommune
- 4 Reviderte føresegner
- 5 Revidert plankart
- 6 Tilbakemelding på reviderte bestemmelsar til reguleringsplan for Slakteplassen - Hovden - Bykle kommune - frafall av motsegn
- 7 Fråfall av motsegn

Andre dokument i saka:

Melding om vedtak sendast:

- partar i saka